Pensjonsforpliktinga vil innverknad på føretaksgruppa sin framtidige likviditet i form av innbetalingar til pensjonsordninga.

Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen i føretaket per 31. desember 2023 som tilfredsstillande.

Helse Vest har eit godt fundament for vidare drift. Føretaksgruppa hadde ein likviditetsreserve på kroner 7 489 millionar kroner ved utgangen av 2023 derav unytta driftskreditt utgjer 4 611 millionar kroner.

Det er tatt opp nye lån til investeringar i 2023 med 3 472 millionar kroner inklusiv kapitaliserte renter på opptrekkslån. Ved utgangen av året utgjer langsiktige lån frå Helse- og omsorgsdepartementet 16 322 millionar kroner. Av dette er 13 322 millionar kroner lån under opptrekk/byggelån.

Dei første låna har ei nedbetalingstid på 20 år, medan lån konvertert etter 1.1.14 har ei nedbetalingstid på 25 eller 35 år. Av låna som er konverterte har 16 av 17 lån rentebinding på 3, 5 eller 10 år. Renta er bunde på forskjellige tidspunkt og til ulik rentesats. Rentesatsen på låna ligg mellom 0,68 – 3,37 prosent. Lån under opptrekk har flytande rente. I 2023 var den flytande renta for driftskreditten og byggelån tildelt før 2018 på 3,46 prosent første halvår og 4,01 prosent andre halvår. Byggelån som er tildelt etter 2018 hadde i 2023 ei flytande rente på 2,65 prosent første halvår og 3,35 prosent andre halvår. Inntil låna er konverterte, blir renta lagt til lånesaldo.

Arbeidskapitalen er redusert med 1 818 millionar kroner i løpet av 2023 og er ved utgangen av året negativ med 2 323 millionar kroner. Utviklinga skuldast først og fremt store utbetalingar til pensjonspremiar. Pensjonspremiane utgjorde i 2023 heile 1 463 millionar kroner meir enn bokførte pensjonskostnadar.

Dokumentet er signert digitalt av:

- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av

Posten Norge

Innvilga kredittramme er i same perioden auka frå 2 809 millionar kroner til 4 613 millionar kroner.

RISIKO FOR TAP

Det meste av inntektene kjem frå overføringar frå Staten ved Helse- og omsorgsdepartementet Kredittrisikoen er derfor låg. Konstaterte tap på krav utgjorde i 2023 41 millionar kroner og er i det alt vesentlege knytt til eigenandels krav og krav knytt til sjølvbetalande pasientar.

Føretaksgruppa er også til en viss grad eksponert for endringar i valutakursar og råvareprisar gjennom innkjøp av varer og tenester frå utlandet.

Helse Vest har avtaler om prissikring av el-kraft for å sikre meir føreseielege kostnader på området.

Stavanger, 24. april 2024

Agnes Landstad	**Oddvar Kaarbøe**	**Anne Karin Hamre**
Styreleiar	Nestleiar	Styremedlem
Tord Anton Haaland	**Pål Eikeseth**	**Kristin Reitan Husebø**
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Hege Solbakken	**Wenche Kristin Røkenes**	**Linda Karin Gangstøe**
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Geir Arne Sunde	**Inger Cathrine Bryne**	
Styremedlem	Administrerande direktør	

Dokumentet er signert digitalt av:

- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av

Posten Norge

ÅRSBERETNING 2023

Helse Vest RHF har i 2023 løyst hovudoppgåvene, som er å sørgje for pasientbehandling, opplæring av pasientar og pårørande, utdanning av helsepersonell og forsking, i tråd med dei føringane eigar har gitt dei regionale helseføretaka. Helse- og omsorgsdepartementet sine styringskrav for 2023 er følgde opp.

Helse Vest RHF har levert gode resultat innan dei fleste område i 2023, trass i utfordringar med rekruttering og ein utfordrande økonomisk situasjon.

Måloppnåinga innan enkelte område er ikkje god nok, og det er eit potensial for auka kvalitet og reduksjon av uønskte hendingar og variasjon i tenesta. Arbeidet med forbetring og læring skal alltid ha høg prioritet.

Medarbeidarane og den kompetansen dei har, er den viktigaste ressursen i sjukehusa. Når ein summerer opp året som er gått, skal kvar og ein ha ein stor takk for arbeidet og innsatsen som er gjort i spesialisthelsetenesta på Vestlandet i 2023.

Hovudrapporteringa om pasientretta verksemd skjer i årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet. Årleg melding for 2023 er tilgjengeleg her: arleg-melding-helse-vest-rhf-2023.pdf (regjeringen.no)

HELSE VEST

Helse Vest RHF er eitt av fire regionale helseføretak i landet, og har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland og Vestland, og sjukehustilbodet til 1,1 million innbyggjarar.

I Helse Vest RHF er det 78 medarbeidarar. Kontorstaden til Helse Vest RHF er i Stavanger sentrum.

Helse Vest RHF skal, jamfør spesialisthelsetenestelova, sørgje for at befolkninga i regionen får nødvendige spesialisthelsetenester. Dei lovpålagde hovudoppgåvene til spesialisthelsetenesta er pasientbehandling, forsking, utdanning og opplæring.

Verksemda i Helse Vest RHF omfattar, mellom anna, somatiske sjukehus, institusjonar for psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, habilitering- og rehabiliteringstenester, laboratorie- og radiologitenester, prehospitale tenester, pasienttransport, naudmeldeteneste, sjukehusapotek og tilhøyrande støttefunksjonar som IKT-tenester og innkjøp.

Per. 31. desember 2023 eig Helse Vest RHF fem helseføretak; Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Bergen, Helse Førde, Sjukehusapoteka Vest, i tillegg til Helse Vest IKT AS.

Helse Vest RHF eig, saman med dei andre regionale helseføretaka fem nasjonale helseføretak, dei felleseigde helseføretaka Pasientreiser HF, Sykehusbygg HF, Sykehusinnkjøp HF, Luftambulansetjenesten HF og Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF.

Gjennomsnittleg tal på tilsette i føretaksgruppa i 2023 var 31 113.

Helse Vest RHF har langsiktige avtaler med sju private ideelle, ikkje-kommersielle sjukehus; Haraldsplass Diakonale Sykehus, Haugesund Sanitetsforeningens Revmatismesykehus, NKS Jæren distriktspsykiatriske senter, Solli distriktspsykiatriske senter, Betanien sykehus, NKS Olavviken alderspsykiatriske sykehus AS og Voss DPS NKS Bjørkeli.

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

Helse Vest RHF hadde per 31. desember 2023 driftsavtalar med 240 avtalespesialistar; 121 innan psykisk helsevern og 119 innan somatikk. Desse fekk driftstilskot frå Helse Vest RHF. I tillegg hadde det regionale helseføretaket avtale med fem private rusinstitusjonar, åtte private rehabiliteringsinstitusjonar og to private leverandørar innan radiologi og to innan laboratorium.

Å fremje helse, meistring og livskvalitet er den overordna visjonen i verksemdstrategien Helse 2035 og underliggjande planar i Helse Vest. Helse Vest RHF skal sørgje for gode og likeverdige helsetenester.

Den regionale utviklingsplanen skal bidra til å realisere visjonen til Helse Vest. Kvart føretak og dei private som har langsiktige avtalar med Helse Vest, har lagt fram sine utviklingsplanar, som heng saman med den regionale. Overskriftene i den regionale utviklingsplanen er:

- Pasientar, brukarar og pårørande
- Medarbeidarar og kompetanse
- Samhandling
- Utvikling

Felles mål for helseføretaka i Helse Vest er:

- Trygge og nære helsetenester
- God samhandling og effektiv ressursbruk i heile pasientforløpet
- Aktiv pasientdeltaking og heilskapleg behandling
- Ein framtidsretta og innovativ kompetanseorganisasjon

DIGITALISERING OG TEKNOLOGI

Helse Vest har arbeidd systematisk sidan starten i 2002 for å bygge ein regional infrastruktur for IKT og felles regionale IKT-løysingar som støtte til dei ulike delane av verksemda. Digitalisering er ein viktig føresetnad for å legge til rette for berekrafta til helse- og omsorgstenesta framover. Hausten 2023 vart «Regional strategi for digitale helsetenester 2023-2026» vedteken, og arbeidet med digitale helsetenester gjeld fleire område.

Det regionale økosystemet utgjer grunnlaget for vidare arbeid med digitalisering i Helse Vest. Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å tilby betre tenester til helsepersonell, pasientar og pårørande. Andre viktige element er å nytte digitale tenester som er enkle å bruke, effektive og pålitelege.

Ny styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest tredde i kraft 1. januar 2024. Behov for betre teknisk tilrettelegging melder seg, både gjennom opplæring, men også ei endring i kulturen i sjukehusa, når ein skal ta i bruk og vidareutvikle digitale løysingar.

Føretaksgruppa Helse Vest har gjennom 2022 og 2023 arbeidd med ny strategi for digitalisering og ei endring av styringsstrukturen for digitalisering. Dette er eit viktig grep ved overgangen frå gjennomføring av store program for innføring av nye løysningar og system, til eit kontinuerleg arbeid med å ta i bruk, forenkle og forbetre arbeidsprosessar og løysningar. Overgang til den nye styringsstrukturen er gjennomført gradvis gjennom 2023 og 2024.

Føretaksgruppa Helse Vest arbeidar aktivt med informasjonssikkerheit. Auka bruk av digitale løysingar i helsesektoren styrkjer pasientbehandlinga og pasientsikkerheita. Samstundes er

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

trusselbildet i stadig endring, dels på grunn av geopolitiske forhold. IKT- og informasjonssikkerheit er eit kontinuerleg arbeid som har stor merksemd.

ØKONOMI – VIKTIG Å HA FØRESEIELEGHEIT

I 2023 er det eit positivt resultat på 317 millionar kroner for føretaksgruppa samla sett, 203 millionar kroner lågare enn budsjettert. Helse Vest RHF har eit positivt resultat på 569 millionar kroner mot eit budsjettert resultat på 350 millionar kroner.

Føretaka hadde eit vanskeleg år økonomisk, med høgt sjukefråvær, utfordringar med rekruttering og kompetanse. Dette har gitt negative avvik på overtid, innleige, ekstravakter og anna variabel løn. I tillegg har høg prisvekst i samfunnet generelt gitt negative avvik i forhold til føretakas budsjett. At det er tatt i bruk nye sjukehusbygg medfører høge rentekostnadar.

Det regionale helseføretaket klarte å kompensere ein del av dei samla avvika i helseføretaka, men kan ikkje halde fram med det over tid. Viss denne utviklinga held fram, vil føretaksgruppa måtte bremse investeringstakten.

Alle sjukehusa har igangverande byggeprosjekt, og av det samla investeringsbudsjettet i 2023 var i underkant av fire milliardar kroner knytt til store byggeprosjekt.

Satsing på psykisk helsevern, tiltak for medarbeidarane i sjukehusa og vidare satsing på digitalisering, som drifta i sjukehusa er heilt avhengige av, skal halde fram.

BEREDSKAP FOR EI NY TID

I beredskapsarbeid er det starta opp arbeid med ein regional delplan for sivilit-militært arbeid. Denne skal gjere tydeleg nasjonale føringar, og gi regionale retningslinjer for sjukehusa og Helse Vest RHF beredskapsarbeidet sitt i samarbeid med Forsvaret. Delplanen har høg prioritet.

Erfaringane frå pandemien, ny merksemd om beredskap i samband med krigen i Ukraina og samarbeidet med forsvaret, krev reviderte og nye planar for beredskap. Regional helseberedskapsplan for Helse Vest er revidert i 2023. Planen skal gi eit felles rammeverk, grunnlag og føringar for å handtere ei beredskapshending og krise på best mogleg og samordna måte, både regionalt og lokalt. Planen skal bidra til å verne om liv og helse, og sikre befolkninga nødvendige spesialisthelsetenester ved kriser og større uønskte hendingar, både i fredstid og i krig.

Revidert Regional helseberedskapsplan for Helse Vest er ikkje tidsavgrensa, men vil vere i kontinuerleg forbetring.

Regjeringa la fram Helseberedskapsmeldinga i november 2023. I meldinga gir regjeringa politisk og strategisk retning for norsk helseberedskap. Med dette skal førebygging og beredskap få auka merksemd i helsetenesta.

BEHALDE, UTVIKLE OG REKRUTTERE MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

Å redusere sjukefråværet er ei prioritert oppgåve i alle helseføretaka. For føretaksgruppa var det eit samla sjukefråvær per desember 2023 på 10,19 prosent. Sjukefråværet varierer mellom føretaka og i det enkelte føretaket. Føretaka var per desember 2023 prega av stort sjukefråvær grunna auke smitta av covid-19, influensa og andre sesongbaserte virus, som mellom anna RS.

Ekstern turnover av medarbeidarar er eit av topp fem risikoområder i Helse Vest. Turnover har store konsekvensar for pasientsikkerheit, kvalitet og økonomi. Høg turnover for ulike aldersgrupper er ei samfunnsutfordring og ei generasjonsutfordring. Helse Vest RHF har gjennomført eit regionalt prosjekt som analyserer situasjonen. Sluttrapporten utgjer eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare tiltak for å behalde og utvikle medarbeidarar og redusere ekstern turnover.

Heiltidskultur

Føretaksgruppa Helse Vest har etablert ein policy for heiltidskultur. Det er eit mål at flest mogleg vel heile stillingar. Alle medarbeidarar kan registrere sine ønske i ein heiltidsmodul. 12 942 fleire medarbeidarar har frå desember 2010 til desember 2023 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 92,30 prosent.

Gjennomsnittleg tal på tilsette i føretaksgruppa i 2023 var 31 110. Helse Vest har hatt ein nedgang i bruk av innleidde vikarar i 2023. Det er eit mål at bruken av innleidde vikarar skal ned til eit tilnærma null-nivå. I snitt var det i 2023 leigd inn vikarar i 0,30 prosent av brutto månadsverk. Helseføretaka har etablert eigne bemanningssenter som handterer behov for ekstra personell.

Vald og truslar

Vald og truslar mot medarbeidarar er eit av topp fem risikoområder i Helse Vest. Vald og truslar har store konsekvensar for arbeidsmiljøet, og skapar utrygg arbeidskvardag. Eit regionalt prosjekt har analysert situasjonen, og leverte ein sluttrapport i juni 2023. Rapporten utgjer eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare tiltak for å redusere vald og truslar mot medarbeidarar, og jobbe for at alle har eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø.

Dei fleste HMS-avvika relatert til tilsetteskadar som vart meldt om i 2023 er valdsskadar, truslar om vald og slag. 3 043 av HMS-avvika var relatert til psykososialt arbeidsmiljø.

- 337 meldte avvik om trakassering og utilbørleg oppførsel utgjer 11 prosent av dei 3 043.
- 706 truslar om vald og andre truslar utgjer 23 prosent av dei 3 043.
- 236 truslar om drap utgjer åtte prosent av dei 3 043.
- 347 slag utgjer 11 prosent av dei 3 043.

Totalt var det meldt 9 018 avvik på HMS/tilsetteskadar.

Styret i Helse Vest ser alvorleg på vald og truslar mot medarbeidarane, dei får jamlege rapportar og følgjer utvikling og oppfølging også på dette området.

Likestilling, integrering og mangfald

Helseføretaka er kvinnedominerte arbeidsplassar. 76 prosent av medarbeidarane ved sjukehusa og institusjonane i helseregionen er kvinner.

- Av 106 styremedlemmar i føretaksgruppa er 59 kvinner og 47 menn
- Delen av kvinner i leiarar i føretaksgruppa er om lag 45 prosent
- Av toppleiarar er fordelinga 45 prosent kvinner og 55 prosent menn

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av

Posten Norge

Per 31.12.2023 var det 71 prosent kvinner og 29 prosent menn tilsett i det regionale helseføretaket, og av desse er leiargruppa fordelt med 43 prosent kvinner og 57 prosent menn.

Det er ingen skilnad på arbeidstid for dei ulike kjønna. Personalpolitikken tar omsyn til utvikling, karriereplanlegging og anna kompetanseheving for alle medarbeidarar.

Helseføretaka har høg organisasjonsgrad, og tariffavtalane har kjønnsnøytral lønnsregulering.

Helse Vest legg til rette for likestilling, å sikre like moglegheiter og rettar og å hindre diskriminering. Leiarar på alle nivå har eit særskilt ansvar for at likestillings- og diskrimineringslova blir følgd.

Helse Vest legg vekt på mangfald på arbeidsplassen. Det er eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnssamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn. Vi følgjer prinsippet om likeløn og kvalifikasjon i alle tilsettingar, og ein skal rekruttere kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, alder og etnisitet. Kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn, funksjonsnedsetting eller som har vore ute av arbeid over lengre tid, og som gjer at dei har opphald frå arbeidslivet, blir oppmoda om å søkje ledige stillingar. Helse Vest støtter opp om det nasjonale arbeidet med inkludering, der hovudmålsettinga er auka yrkesdeltaking. Inkluderande rekruttering er ei sak med stor merksamheit for føretaksgruppa Helse Vest.

Helse Vest er med i eit interregionalt nettverk som saman har utarbeidd ein plan med tiltak, arbeidsformer og rutinar med sikte på å nå måla for arbeidet med inkludering. I tillegg er det sett ned ei regional ressursgruppe som arbeider særskilt med dette området.

Samanlikna med andre regionar har Helse Vest låg uføretilbøyelegheit. Uføretilbøyelegheita blant eigne medarbeidarar i føretaksgruppa Helse Vest har gått ned for fellesordninga frå 13,86 prosent i 2012 til 8,23 prosent i 2023. Uføredelen årsverk har gått ned frå 7,07 i 2022 til 6,97 i 2023, og del uføre for aktive stillingar har gått ned frå 1 312 i 2022 til 1 298 i 2023.

Uføretilbøyelegheita for sjukepleiargruppa i føretaksgruppa Helse Vest har gått ned frå i 6,88 prosent i 2012 til 6,87 prosent i 2023.

Uføretilbøyelegheita for legeordninga har auka frå i 2,02 prosent i 2012 til 2,22 prosent i 2023, for føretaksgruppa Helse Vest.

For fellesordninga for føretaksgruppa Helse Vest er det ein nedgang i kostnader over tid frå 1,37 milliardar til 1,038 milliardar. Det er viktig å sjå endring i tala over tid.

Det er eit mål for føretaksgruppa i Helse Vest at medarbeidarane skal spegle befolkninga, og dermed at seks til ti prosent skal ha innvandrarbakgrunn. Tal frå 2023 viser at 22,7 prosent av medarbeidarane i helseføretaka ikkje er norske statsborgarar.

Det går føre seg et kontinuerleg likestillingsarbeid i heile føretaksgruppa. Helse Vest RHF kartlegg likelønnssituasjonen mellom kvinner og menn i føretaka som ein del av dette arbeidet.

Den detaljerte kartlegginga er tilgjengeleg på nettsida til Helse Vest RHF: www.helse-vest.no

ForBedring

Føretaksgruppa Helse Vest gjennomførte den årlege undersøkinga av arbeidsmiljø og kultur for pasientsikkerheit (ForBedring) i 2023. Målet med ForBedring.undersøkinga er å understøtte kontinuerleg forbetringsarbeid lokalt, og sikre ivaretaking av kravet om kartlegging, i tråd med lov og forskrift om systematisk forbetringsarbeid (HMS-forskrifta *og Forskrift om ledelse av kvalitet og pasientsikkerhet*). Resultata skal nyttast som underlag for dialog i lokalt forbetringsarbeid i kvar

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

eining. Alle har tilgang til resultata i ForBedring for sitt eige helseføretak. Føretaka følgjer opp resultata med handlingsplanar i Synergi.

Alle medarbeidarar og leiarar blir invitert til å delta, 30 582 totalt i 2023. Deltakinga var 74,6 prosent av alle inviterte. Nasjonalt mål for deltaking er på 70 prosent. Dette er 5,2 prosent høgare svarprosent enn i 2022.

Forsikring for styret sine medlemmar og dagleg leiar

Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring for styremedlemma og administrerande direktør.

MILJØ- OG SAMFUNNSANSVAR

Samfunnsansvaret i Helse Vest er omtalt i sak til styret i Helse Vest, *Samfunnsansvar i Helse Vest - utgreiing 2024* og i *Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2023*, som ligg føre i april 2024. Begge rapportane vil vere tilgjengeleg på Helse Vest sine internettsider om samfunnsansvar Samfunnsansvar - Helse Vest RHF (helse-vest.no).

Helse Vest har utarbeidd utgreiing både for områda som er omfatta av openheitslova; om grunnleggjande og anstendige arbeidsforhold og andre områder innanfor samfunnsansvaret, som klima- og miljø, naturmangfald og førebygging av økonomisk kriminalitet.

Rekneskap for klimagassutslepp

Spesialisthelsetenesta har i 2023 fått utvikla ein meir fullstendig klimarekneskap som er ei samanstilling av det totale klimafotavtrykket til spesialisthelsetenesta i CO2-ekvivalentar (CO2e), sjå Microsoft Power BI. Rekneskapen er ein kombinasjon av fysiske data og økonomiske rekneskapsdata. Dei seks største hovudkategoriane for utslepp i Helse Vest er følgjande: Energibehov (oppvarming / kjøling), kjøp av private helsetenester, medisinskteknisk utstyr, legemiddel, tenestereiser og pasientreiser.

Hovudmålet er å redusere direkte utslepp med 40 prosent innan 2030. Helse Vest kan vise til ein reduksjon på 14 prosent sidan 2019. Energiforbruk per m2 brutto areal er i 2023 redusert med 8 prosent sidan 2019. Målet her er 20 prosent reduksjon innan 2030.
For pasientreiser er det særleg reise med bil som gir størst utslepp, med 43 prosent. Ambulansetur i bil eller båt utgjer 25 prosent av CO2-utsleppa og reise med fly 17 prosent av utsleppa til pasientreiser. Når det gjeld tenestereiser, er både biltransport og flyreiser redusert sidan 2019, særleg flyreiser.

BRUKARMEDVERKNAD

Revisjonsutvalet har i løpet av året fått framlagt to rapportar frå internrevisjonsprosjekt: «Uønskt variasjon pasientforløp BUP – Barn og unge med eteforstyrringar» og «Brukarmedverknad i helseføretaka i Helse Vest». Oppfølging av tidlegare prosjekt er viktig for å sikre gjennomføring av vedtekne tiltak. I 2023 har utvalet fått framlagd oppfølginga av «Tvangsbruk i psykisk helsevern», og har drøfta oppstart av mandat for internrevisjon på fleire nye prosjekt.

Konklusjonen av «Brukarmedverknad i Helse Vest» er at føretaka på dei fleste områder har lagt godt til rette for brukarmedverknad på systemnivå, i samsvar med dei felles retningslinjene ein har. Forankringa i styra og den øvste leiinga blir oppfatta som god. Internrevisjonen legg samtidig merke til at føretaka stiller seg noko ulikt til retningslinjene som gjeld. I føretaksgruppa varierer graden av brukarmedverknad, og det er moglegheit for å forbetra korleis brukarane blir involvert.

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

Internrevisjonen har observert at opplæring og informasjon til både medarbeidarar og brukarar varierer mellom helseføretaka. For å sikre effektiv brukarmedverknad, og unngå misforståingar, tilrår internrevisjonen at helseføretaka standardiserer og til dels utvidar opplæringsprogram og informasjonsmateriell.

Revisjonsutvalet og internrevisjonen har ut over dei meir omfattande revisjonsprosjekta gjennomført førebuande analysar og/eller kontrolloppgåver knytt til mellom anna:

- IKT- og IKT-sikkerheit
- Pasienttryggleik
- Grensekrenkande åtferd og tap av autorisasjon
- Budsjett og økonomisk berekraft i helseregionen for åra som kjem
- Samfunnsansvar og klimarisiko, inkl. Corporate Sustainability Reporting Directive (CSRD)
- Turnover og medarbeidarsamtalar
- Uavhengigheit og risiko
- Eigenevaluering

FORSKING OG INNOVASJON

Forsking er ny kunnskap til det beste for pasienten. Gjennom pasientnær, klinisk forsking vil Helse Vest bidra til helsetenester av høg kvalitet, tilpassa behova til pasientane.

Forskinga omfattar i hovudsak klinisk forsking. I tillegg til dei øyremerka forskingsmidlane frå Helse Vest, har helseføretaka finansiert kostnader til forsking over basisramma, og dei har mottatt gåver og tilskot frå andre kjelder til forskingsføremål.

Føretaksgruppa samla sett har brukt 943 millionar på forsking, der 140 millionar er finansiert av øyremerka tilskot frå HOD, 207 millionar frå andre og 596 millionar er dekka av basisramma.

Helse Vest har to av seks universitetssjukehus i Noreg. Sjølv om dei to universitetssjukehusa står for den største delen av forskinga, er dei andre helseføretaka også nasjonalt konkurransedyktige når det gjeld kvalitet og relevans på utvalde forskingsområde. Her bidreg òg private aktørar, som Haraldsplass Diakonale Sykehus. Dei fire helseføretaka har eigne strategiar og planar for forsking, som alle følgjer den regionale forskingsstrategien.

Gjennom RHF-a sitt program for klinisk behandlingsforsking i spesialisthelsetenesta, blir det årleg tildelt midlar til større prosjekt. I 2023 starta to nye prosjekt ved sjukehus i Helse Vest med midlar frå programmet.

Det regionale samarbeidsorganet i Helse Vest har etablert ein ny strategi for perioden frå 2024 til 2030, for samarbeid om helseforsking og innovasjon mellom sjukehus, universitet og høgskular på Vestlandet. Strategien har som mål å styrkje den felles kunnskapen og verdiskapinga vår til beste for pasientane. Sjølv om samfunnsoppdraga i helsesektoren og universitets- og høgskulesektoren er ulike, er det avgjerande at institusjonane innanfor samhandlingsområda har ein felles visjon for kvalitet i pasientbehandlinga, vidareutvikling av felles fagmiljøa, ressursplanlegging og berekraft.

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

REKNESKAPEN, RESULTAT OG FØRESETNAD OM FRAMLEIS DRIFT

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat i helseføretaka. Føresetnadene for framleis drift er til stades, og dette er lagt til grunn i rekneskapen.

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 317 millionar kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 569 millionar kroner.

Styret tilrår at overskotet i Helse Vest RHF blir ført mot annan eigenkapital. Kravet frå Helse- og omsorgsdepartementet var at føretaksgruppa skulle gå i balanse i 2023.

INVESTERINGAR

Helseføretaka har eit heilskapleg ansvar for drift og investeringar. Dette inneber at føretaka som ein hovudregel må styre og prioritere sine investeringar innan tilgjengeleg likviditet generert frå drifta med tillegg for eventuelle lån. Dette inneber at føretaka må levere positive resultat for å skape handlingsrom og moglegheit for fornying og utvikling av verksemda.

Føretaksgruppa har store byggeprosjekt i alle helseføretaka, sjå nærare omtale i avsnitta under. Alle desse byggeprosjekta er finansiert med lån frå staten. Resterande del av investeringskostnaden til byggeprosjekta må føretaka dekke av eigne midlar. Andre investeringar i føretaka er dekka av eigne midlar i sin heilskap.

Samla investeringar til føretaksgruppa for 2023 var på totalt 5 507 millionar kroner. Investeringane fordeler seg med 354 millionar kroner til medisinteknisk utstyr, 235 millionar kroner til transportmiddel, inventar og utstyr samt 4 749 millionar kroner til tomter, bustader, bygningar og anlegg under utføring. I tillegg er det investert i lisensar og programvare samt prosjekt under utvikling på til saman 169 millionar kroner.

Høg generell prisvekst, utfordrande drift og stramme økonomiske rammer har i 2023 påverka gjennomføringa av Helse Vest sine byggeprosjekt innan vedtekne budsjett. Investeringsprosjekt som allereie er sett i gang skal ferdigstillast. Investeringsprosjekt der det ikkje er inngått forpliktande avtale må vurderast på ny i forhold til avklaring på dei økonomiske rammene og berekraft.

Nytt universitetssjukehus «Nye SUS», Helse Stavanger

Helse Stavanger er godt i gang med å bygge nytt sjukehus på Ullandhaug. Første byggetrinn har ei samla kostnadsramme på om lag 12 368 millionar kroner og er planlagd å stå ferdig i 2025. Da blir all somatisk døgnbehandling, alle somatiske akuttfunksjonar og tilhøyrande støttefunksjonar flytta til Ullandhaug. Psykiatri, dagkirurgi, rehabilitering, poliklinikk og dagbehandling, forskingsaktivitetar, stabs- og støttefunksjonar med meir blir igjen på Våland eller i andre areal fram til byggetrinn to er gjennomført. I 2023 er det brukt 2 241 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det brukt 9 792 millionar kroner.

Helse Stavanger har i løpet av hausten 2023 behandla konseptrapporten for byggetrinn 2 av Nye Stavanger universitetssjukehus. Konseptrapporten beskriver korleis resten av pasientbehandlinga gjennom ei trinnvis utbygging skal samlast på Ullandhaug. Hovudkonklusjonen i konseptrapporten er

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

ei klar anbefaling om å gå vidare med neste steg i å flytte verksemda til Ullandhaug. Anbefalt første fase er å bygge eit bygg for somatisk poliklinikk og dagbehandling for medisinske fag.

Oppgradering og utbygging Haugesund sjukehus, Helse Fonna

I 2018 starta Helse Fonna med utbygging og oppgradering av sjukehuset i Haugesund. I 2021 stod eit nytt sjukehusbygg på 20 000 kvadratmeter klart i Haugesund. Ombygging av areal i gamalt bygg blei stilt ferdig hausten 2022.

Helse Fonna er no i gang med byggetrinn 2. Også dette byggetrinnet inneheld eit nytt bygg på om lag 9 400 kvadratmeter og ombygging av allereie eksisterande bygg på 7 300 kvadratmeter. Revidert forprosjekt for byggetrinn 2 vart godkjent av styret i Helse Vest RHF i styremøte 15.02.2023, sak 009/23. Kostnadsramma for byggetrinn 2 er sett til 1 118 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det nytta 164 millionar kroner.

Byggeprosjekt i Helse Bergen

Helse Bergen har sett saman ein prosjektportefølje for vidareutvikling av Haukelandsområdet. Prosjektporteføljen for vidareutvikling av Haukelandsområdet består av tre større hovudtiltak. Første hovudtiltaket er «ombygging av KK-bygget», som har fått namnet Årstadhuset. Helse Bergen har i løpet av hausten 2023 behandla konseptrapporten for Årstadhuset.

Glasblokkene

Helse Bergen har bygd nytt barne- og ungdomssjukehus. I Glasblokkene er all behandling av barn og unge som skjer på Haukeland samla. I tillegg er føde- og barseleininga ved Kvinneklinikken i same lokale som eininga for nyfødde ved Barneklinikken.

Glasblokkene blei stilt ferdig hausten 2023 og bygget blei offisielt opna i desember. Akkumulert vart det nytta 3 840 millionar kroner på prosjektet.

Oppgradering Sentralblokka

Prosjektet knytt til oppgradering av Sentralblokka på Haukeland har bestått av ei rekke oppgraderings- og vedlikehaldsprosjekt sett saman til ein samla pakke. Alle prosjekta i porteføljen er knytt til Sentralblokka. Den samla kostnadsramma er på totalt 500 millionar. I 2023 er det brukt 120 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det brukt 498 millionar kroner.

Protonsenter i Bergen

I revidert statsbudsjett for 2018 vart det vedtatt å sikre finansiering slik at ein kan bygge protonsenter i både Bergen og Oslo. Senteret i Bergen blir bygd på Haukeland. Protonsenteret skal etter planen stå ferdig til innflytting mot slutten av 2024, og installasjonar av tilhøyrande stråleutstyr

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

vil vere ferdig i 2025. Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 1 426 millionar kroner. I 2023 er det brukt 357 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det brukt 950 millionar kroner.

Nye Førde sjukehus, Helse Førde

Helse Førde gjennomfører eit utbyggings- og oppgraderingsprosjekt av Førde sentralsjukehus, omtala som Nye Førde sjukehus. Nytt bygg for psykisk helsevern (Dagabygget) vart stilt ferdig i 2021. Nytt bygg for somatiske tenester (Livabygget) og første del av ombygginga av sentralblokka (Svanabygget) er planlagd ferdig innan utgangen av 2024.

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 1 992 millionar. I 2023 er det brukt 549 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det brukt 1 595 millionar kroner.

FINANSIELL STILLING

Helse Vest RHF og føretaksgruppa har ein relativt betydeleg eigenkapital. Eigenkapitalen i føretaksgruppa var 19 057 millionar kroner ved utgangen 2023 og utgjorde 42,6 prosent av totalkapitalen. Tilsvarande tal i 2022 var 18 740 millionar kroner og 46,3 prosent.

Føretaksgruppa har per 31. desember 2023 ei samla brutto pensjonsforplikting på 63 074 millionar kroner. Netto forplikting er 9 689 millionar kroner. Per 31. desember 2023 er det i tråd med regnskapsloven og Norsk Regnskapsstandard, 15 026 millionar kroner i negative estimatavvik som ikkje er resultatførte. Dette tilsvarar 78,9 prosent av eigenkapitalen.

Pensjonsforpliktinga vil innverknad på føretaksgruppa sin framtidige likviditet i form av innbetalingar til pensjonsordninga.

Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen i føretaket per 31. desember 2023 som tilfredsstillande.

Helse Vest har eit godt fundament for vidare drift. Føretaksgruppa hadde ein likviditetsreserve på kroner 7 489 millionar kroner ved utgangen av 2023 derav unytta driftskreditt utgjer 4 611 millionar kroner.

Det er tatt opp nye lån til investeringar i 2023 med 3 472 millionar kroner inklusiv kapitaliserte renter på opptrekkslån. Ved utgangen av året utgjer langsiktige lån frå Helse- og omsorgsdepartementet 16 322 millionar kroner. Av dette er 13 322 millionar kroner lån under opptrekk/byggelån.

Dei første låna har ei nedbetalingstid på 20 år, medan lån konvertert etter 1.1.14 har ei nedbetalingstid på 25 eller 35 år. Av låna som er konverterte har 16 av 17 lån rentebinding på 3, 5 eller 10 år. Renta er bunde på forskjellige tidspunkt og til ulik rentesats. Rentesatsen på låna ligg mellom 0,68 – 3,37 prosent. Lån under opptrekk har flytande rente. I 2023 var den flytande renta for driftskreditten og byggelån tildelt før 2018 på 3,46 prosent første halvår og 4,01 prosent andre halvår. Byggelån som er tildelt etter 2018 hadde i 2023 ei flytande rente på 2,65 prosent første halvår og 3,35 prosent andre halvår. Inntil låna er konverterte, blir renta lagt til lånesaldo.

Arbeidskapitalen er redusert med 1 818 millionar kroner i løpet av 2023 og er ved utgangen av året negativ med 2 323 millionar kroner. Utviklinga skuldast først og fremt store utbetalingar til pensjonspremiar. Pensjonspremiane utgjorde i 2023 heile 1 463 millionar kroner meir enn bokførte pensjonskostnadar.

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av

Posten Norge

Innvilga kredittramme er i same perioden auka frå 2 809 millionar kroner til 4 613 millionar kroner.

RISIKO FOR TAP

Det meste av inntektene kjem frå overføringar frå Staten ved Helse- og omsorgsdepartementet Kredittrisikoen er derfor låg. Konstaterte tap på krav utgjorde i 2023 41 millionar kroner og er i det alt vesentlege knytt til eigenandels krav og krav knytt til sjølvbetalande pasientar.

Føretaksgruppa er også til en viss grad eksponert for endringar i valutakursar og råvareprisar gjennom innkjøp av varer og tenester frå utlandet.

Helse Vest har avtaler om prissikring av el-kraft for å sikre meir føreseielege kostnader på området.

Stavanger, 24. april 2024

Agnes Landstad	**Oddvar Kaarbøe**	**Anne Karin Hamre**
Styreleiar	Nestleiar	Styremedlem
Tord Anton Haaland	**Pål Eikeseth**	**Kristin Reitan Husebø**
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Hege Solbakken	**Wenche Kristin Røkenes**	**Linda Karin Gangstøe**
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Geir Arne Sunde	**Inger Cathrine Bryne**	
Styremedlem	Administrerande direktør	

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av

Posten Norge

RESULTATREKNESKAP

HEILE 1000 KRONER

Helse Vest RHF				Føretaksgruppa	
2023	2022		Note	2023	2022
		DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
22 389 690	25 408 090	Basisramme	2,3	25 408 090	22 389 690
9 859 477	8 861 563	Aktivitetsbasert inntekt	2,3	9 789 114	10 743 533
1 157 398	771 197	Anna driftsinntekt	2,3	2 168 781	2 463 940
33 406 565	**35 040 850**	**Sum driftsinntekter**	**2,3**	**37 365 985**	**35 597 162**
32 376 736	33 978 768	Kjøp av helsetenester	4	4 710 865	4 655 808
117 361	34 813	Varekostnad	5	4 146 962	4 083 395
97 376	102 770	Lønn og andre personalkostnader	6,17	22 973 758	21 538 370
790	774	Ordinære avskrivingar	10	1 479 931	1 429 020
0	0	Nedskriving	10	25 700	0
471 900	568 482	Andre driftskostnader	7	3 819 928	3 541 594
33 064 163	**34 685 606**	**Sum driftskostnader**	**2**	**37 157 145**	**35 248 188**
342 402	**355 244**	**Resultat frå drifta**		**208 840**	**348 975**
		FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
323 429	717 502	Finansinntekter	8	202 637	136 396
-3 556	0	Nedskr./rev. nedskriving av finansielle anleggsmidlar	11	0	0
192 778	503 276	Andre finanskostnader	8	93 542	68 695
134 207	**214 226**	**Netto finansresultat**		**109 095**	**67 701**
476 609	**569 470**	**Resultat før skattekostnad**		**317 934**	**416 676**
0	0	Skattekostnad på ordinært resultat	9	577	467
476 609	**569 470**	**RESULTAT FOR ÅRET**		**317 357**	**416 209**
		OVERFØRINGAR:			
476 609	569 470	Overført til/frå annan eigenkapital	16	317 357	416 209
476 609	**569 470**	**Sum overføringar**		**317 357**	**416 209**

Dokumentet er signert digitalt av:

Følsomhet Intern (gul)

- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av

Posten Norge

BALANSE

HEILE 1000 KRONER

Helse Vest RHF				Føretaksgruppa	
2022	2023		Note	2023	2022
		EIGEDELAR			
		Anleggsmidlar			
		Immaterielle eigedelar			
0	0	Lisensar og programvare	10	1 393 381	1 447 562
0	0	Goodwill	10	0	5 380
0	0	Utsett skattefordel	9	2 337	2 647
0	**0**	**Sum immaterielle eigedelar**		**1 395 718**	**1 455 589**
		Varige driftsmiddel			
25 041	24 315	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	10	15 740 959	12 537 268
240	192	Medisinsk teknisk utstyr, inventar, transportmidlar o.l.	10	2 745 587	2 721 872
0	0	Anlegg under utføring	10	13 827 216	13 089 606
25 281	**24 508**	**Sum varige driftsmiddel**		**32 313 762**	**28 348 746**
		Finansielle anleggsmidlar			
12 068 159	14 068 159	Investering i dotterføretak	11	0	0
40 408	40 613	Investering i felles kontrollert verksemd og tilknytt verksemd	11	46 606	53 185
3 332	3 720	Investering i andre aksjar og partar	11	1 448 969	1 353 523
16 316 999	18 887 866	Andre finansielle anleggsmidlar	12	37 630	43 602
2 720	6 196	Pensjonsmidlar	17	4 094 607	2 649 831
28 431 618	**33 006 554**	**Sum finansielle anleggsmidlar**		**5 627 812**	**4 100 141**
28 456 899	**33 031 062**	**Sum anleggsmidlar**		**39 337 292**	**33 904 476**
		Omløpsmidlar			
107 819	86 948	Varer	13	317 393	344 630
1 240 648	2 514 717	Krav	14	1 383 017	1 327 105
3 966 472	2 750 396	Bankinnskot, kontantar og liknande	15	3 647 916	4 867 935
5 314 939	**5 352 061**	**Sum omløpsmidlar**		**5 348 326**	**6 539 670**
33 771 838	**38 383 124**	**SUM EIGEDELAR**		**44 685 618**	**40 444 145**

Dokumentet er signert digitalt av:

- Følsomhet Intern (gul)
- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av

Posten Norge

BALANSE

HEILE 1000 KRONER

Helse Vest RHF				Føretaksgruppa	
2023	2022		Note	2023	2022
		EIGENKAPITAL OG GJELD			
		Eigenkapital			
		Annan innskoten eigenkapital			
100	100	Føretakskapital	16	100	100
11 415 729	11 415 729	Annan innskoten eigenkapital	16	10 629 564	10 629 564
11 415 829	**11 415 829**	**Sum innskoten eigenkapital**		**10 629 664**	**10 629 664**
		Opptent eigenkapital			
5 877 417	6 446 887	Annan eigenkapital	16	8 427 563	8 110 206
5 877 417	**6 446 887**	**Sum opptent eigenkapital**		**8 427 563**	**8 110 206**
17 293 245	**17 862 715**	**Sum eigenkapital**		**19 057 226**	**18 739 869**
		Gjeld			
		Avsettingar for forpliktingar			
20 062	17 003	Pensjonsforpliktingar	17	110 517	128 979
482 868	557 770	Andre avsettingar for forpliktingar	18	1 524 907	1 460 432
502 930	**574 773**	**Sum avsettingar for forpliktingar**		**1 635 424**	**1 589 410**
		Anna langsiktig gjeld			
0	0	Langsiktig gjeld til føretak i same gruppe	19	0	0
13 070 150	16 321 588	Gjeld til Helse- og omsorgsdepartementet	19	16 321 588	13 070 150
13 070 150	**16 321 588**	**Sum anna langsiktig gjeld**		**16 321 588**	**13 070 150**
		Kortsiktig gjeld			
2 105	2 184	Driftskreditt		2 184	2 105
0	0	Betalbar skatt	9	119	109
30 676	30 555	Skuldige offentlege avgifter		1 831 063	1 582 508
2 872 731	3 591 307	Anna kortsiktig gjeld	20,24	5 838 013	5 459 994
2 905 513	**3 624 047**	**Sum kortsiktig gjeld**		**7 671 379**	**7 044 716**
16 478 592	**20 520 408**	**Sum gjeld**		**25 628 392**	**21 704 276**
33 771 838	**38 383 124**	**SUM EIGENKAPITAL OG GJELD**		**44 685 618**	**40 444 145**

STAVANGER 24. APRIL 2024

Agnes Landstad	**Oddvar Kaarbøe**	**Anne Karin Hamre**
Styreleiar	Nestleiar	Styremedlem
Tord Anton Haaland	**Pål Eikeseth**	**Kristin Reitan Husebø**
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Hege Solbakken	**Wenche Kristin Røkenes**	**Linda Karin Gangstøe**
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem
Geir Arne Sunde	**Inger Cathrine Bryne**	
Styremedlem	Administrerande direktør	

Dokumentet er signert digitalt av:

- Følsomhet intern (gul)
- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av

Posten Norge

KONTANSTRAUMOPPSTILLING

HEILE 1000 KRONER

Helse Vest RHF			Føretaksgruppa	
2022	2023		2023	2022
		KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR		
476 609	569 470	Årsresultat	317 357	416 209
0	0	Endring utsatt skatt	310	82
0	0	Tap/vinst ved sal av anleggsmidlar	-51 576	2 418
790	774	Ordinære avskrivingar	1 479 931	1 429 020
-3 556	0	Nedskriving anleggsmidlar	32 485	3 814
511 079	-15 894	Endring i omløpsmidlar	-28 675	-31 963
-200 828	147 506	Endring i kortsiktig gjeld	626 584	137 377
-1 765	-6 535	Forskjell kostnadsført pensjon inn-/utbetalingar	-1 463 237	-563 613
-18 592	-15 235	Inntektsført investeringstilskot	-73 301	-76 723
763 736	**680 085**	**Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar**	**839 878**	**1 316 620**
		KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR		
0	0	Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	147 328	3 167
0	0	Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-5 506 839	-5 319 216
250 127	204 431	Innbetaling av avdrag på utlån	6 000	11 527
-3 704 242	-4 775 298	Utbetaling ved utlån	0	-10 000
-488	-593	Utbetalingar ved kjøp av finansielle anleggsmiddel	-95 679	-87 327
-3 454 603	**-4 571 460**	**Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar**	**-5 449 190**	**-5 401 849**
		KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR		
2 553 153	3 472 105	Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	3 472 105	2 553 153
-220 399	-220 666	Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-220 666	-220 399
-1 289 701	-666 355	Endring mellomverande konsernkontoordning	0	0
107 100	90 137	Innbetaling av investeringstilskot	136 180	203 872
0	0	Endring andre langsiktige forpliktingar	1 596	59 932
0	0	Endring føretakskapital med kontanteffekt	0	0
27	79	Endring driftskreditt	79	27
1 150 180	**2 675 300**	**Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar**	**3 389 294**	**2 596 585**
-1 540 686	-1 216 075	Netto endring i likviditet	-1 220 018	-1 488 644
5 507 158	3 966 472	Likvide midlar 01.01.	4 867 935	6 356 579
3 966 472	2 750 396	**Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12**	3 647 916	4 867 935
3 927	4 036	Her av skattetrekk og andre bundne midlar	770 210	726 890
2 806 895	4 610 816	Unytta trekkramme i Noregs Bank 31.12.	4 610 816	2 806 895
6 769 440	**7 357 176**	**Likviditetsreserve 31.12.**	**7 488 521**	**6 947 940**
2 809 000	**4 613 000**	**Innvilga kredittramme i Noregs Bank 31.12.**	**4 613 000**	**2 809 000**

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fellesmhet Intern (gyl)
- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av

Posten Norge

NOTAR

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen
Rekneskapen for 2023 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningsliner gjeve av eigar.

Helse Vest RHF blei stifta 17.08.01 etter lov om helseføretak. Staten ved Helse Vest RHF overtok 01.01.02 ansvaret for spesialisthelsetenesta i fylka Rogaland og Vestland. På same tid blei anleggsmidlar og forpliktingar som var knytte til spesialisthelsetenesta, overførte til Helse Vest RHF som eit tingsinnskot. Dei same formuesposisjonane blei vidareførte til helseføretaka i regionen.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidlane.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller berre tatt i bruk for ein kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

Eigars styringsmål
RHF-a skal målast på korrigert resultat. For åra 2002–2006 var rekneskapsresultatet i tillegg korrigert for meiravskrivingar som kom av at verdiar på anleggsmidlar på opningsbalansen var fastsett høgare enn det føretaka kunne rekne med å kunne finansiere av anleggsmidlar i framtida. Vidare var rekneskapsresultatet korrigert for avskrivingar som hadde si årsak i at den økonomiske levetida som var berekna for anleggsmiddel i opningsbalansen, var sett kortare enn det som var lagt til grunn i tildelinga til regionane. For inntektsåret 2008 var rekneskapsresultatet korrigert for auka kostnader til pensjon som følge av endra økonomiske føresetnader. I 2009 var ikkje resultatkravet korrigert og Helse Vest blei målt på rekneskapsresultatet.

Stortinget vedtok «Lov om endringer i lov om Statens Pensjonskasse, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser» og endringar i enkelte andre lover den 25. juni 2010. Planendringane som følgjer av dette vedtaket er med i rekneskapsresultatet for 2010 med den konsekvensen at dei samla pensjonskostnadene for helseregionane blei reduserte frå 9,25 mrd. kroner til om lag 0 kroner. Gjennom vedtak av Prop. 32 S (2010-2011) blei den tildelte ramma for helseregionane sett ned med 4,45 mrd. kroner. Driftskredittrammene blei auka med same beløp, mens resten av reduksjonen i kostnader skulle styrkja eigenkapitalen til føretaka svarande til 4,8 mrd. for helseregionane samla. Resultatet for 2010 blei justert med denne reduksjonen. Dette svarer til det akkumulerte underskotet som følge av meirkostnader til pensjon i åra 2006 til 2008 for landet sett under eitt.

Korrigering av resultatet tidlegare år tok utgangspunkt i faktisk kostnadsauke for helseregionane, mens korrigeringa for 2010 er fordelt etter ordinær fordelingsnøkkel. For Helse Vest RHF inneber dette ein akkumulert differanse på 26,9 mill. kroner mellom udekte pensjonskostnader i tidlegare år og korrigeringa for 2010.

For åra 2011 - 2013 var resultatkravet balanse i rekneskapen.

11 621	12 589	Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	2 823 383	2 789 157
4 400	7 245	Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	1 754 723	1 084 475
16 022	**19 834**	**Brutto pensjonskostnad i året**	**4 578 106**	**3 873 632**
-6 734	-9 911	Venta forteneste på pensjonsmidlar	-2 520 817	-1 793 516
396	455	Administrasjonskostnader	101 170	95 285
9 684	**10 378**	**Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad**	**2 158 459**	**2 175 402**
1 365	1 463	Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kostnad	301 738	304 066
522	431	Resultatført aktuarielt tap(vinst)	422 442	317 885
0	0	Resultatført planendring	0	0
140	202	Resultatført del av nettoforplikting v/avk.	88 853	76 250
11 712	**12 475**	**Netto pensjonskostnader inkludera arbeidsgivaravgift**	**2 971 493**	**2 873 602**
48	58	Andre pensjonskostnader*	9 733	9 661
11 759	**12 533**	**Sum pensjonskostnader**	**2 981 226**	**2 883 263**
		Økonomiske føresetnader:		
3,00 %	3,10 %	Diskonteringsrente	3,10 %	3,00 %
5,10 %	5,20 %	Venta forteneste på pensjonsmidlar	5,20 %	5,10 %
3,50 %	3,50 %	Årleg vekst i lønn	3,50 %	3,50 %
2,63 %	2,80 %	Årleg pensjonsregulering	2,80 %	2,63 %
3,25 %	3,25 %	Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,25 %	3,25 %
85	84	Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	28 490	28 288
75	87	Talet på oppsette personar med i ordninga	43 593	41 225
31	34	Talet på pensjonistar med i ordninga	20 074	18 913
		Spesifikasjon av premiefond		
10 374	11 877	Saldo per 1.1.	2 517 954	2 172 408
4 206	1 532	Tilført premiefond	327 612	918 546
-2 703	-6 322	Uttak frå premiefond	-1 316 602	-573 000
11 877	**7 086**	**Saldo per 31.12.**	**1 528 964**	**2 517 954**

*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Dokumentet er signert digitalt av:

- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Fellesmhet intern (gul)

Forseglet av
Posten Norge

Føretaksgruppa har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP og SPK. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentleg tenestepensjon.

Regelverksendringar i offentleg tenestepensjon
Partane i arbeidslivet ble einige om ny offentleg tenestepensjon (OfTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentleg sektor. Regelendringane er innarbeida i KLPs vedtekter. Regnskapsstiftelsen gav ut eigen rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentleg tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane frå og med 2019. Delar av pensjonsreforma er framleis ikkje ferdig. Stortingets vedtak 50 (2021-2022) av 17. mars 2022 om endra regulering av løypande alderspensjonar er teke inn i berekningane frå om med 2022.
Regjeringa har i statsråd lagt fram Prop. 35 L (2023–2024) om endringar i lov om avtalefesta pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse og enkelte andre lovar (ny avtalefesta pensjon). Forslaga gjeld i hovudsak ny avtalefesta pensjon (AFP) i offentleg sektor for tilsette som er fødde i 1963 eller seinare.
Lovforslaget inneber at AFP for tilsette i offentleg sektor blir endra frå å vera ei tidlegpensjonsordning til å bli ei ordning med livsvarig påslag til folketrygda.
Det vil medføra ei planendring når denne blir vedteken venteleg i april 2024.

Regjeringa og partane i offentleg sektor inngjekk 25.08.2023 avtala om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper som har særaldersgrenser. Den nye avtalen inneber at særalderspensjonen blir endra frå ei tidlegpensjonsordning for kulla fødd 1963 og seinare til eit livsvarig påslag til pensjonen for dei som går av tidleg (overgangsreglar for kulla fødd 1964 og 1965). Reglane antek ein at vert vedtekne i 2025.
Regjeringa har i Stortingsmelding 6 (2023-2024) kome med ei tilråding om å auke aldersgrenser, betre alderspensjonen til uføre og endra regulering av minstesatsar i folketrygda. Dersom dette blir vedteke vil ein naturleg konsekvens vera at desse endringane blir gjennomført samtidig i offentleg tenestepensjon. Avtalen om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper med særalder føreset at endringane foreslått i stortingsmeldinga blir vedtekne.

Føresetnader for berekningane
Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2023 følger siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2024. Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforpliktning per 31.12.2023.

Pensjon over 12 G
Føretaket har 3 personar som har tilleggsordning for pensjon som inneber dekning av pensjon ut over 12 G. Disse pensjonsordningane er finansiert over drifta.

Demografiske føresetnader:

Nytta tabell over dødelegheit	KLP2021BE	KLP2021BE
Nytta tabell for uførefrekvens	KU2021BE	KU2021BE
Uttak AFP etter erfaring	15-42,5 %	15-42,5 %

Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Sjukepleiarar	25	15	10	6	4	3	0

Frivillig avgang i fellesordninga og for sjukehuslegar (i %)

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Fellesordninga	25	15	7,5	5	3	0

Kort om ikkje resultatførte estimatavvik
I samsvar med og regnskapsskikk, nytter Helse Vest reglane om «korridor» og fordeling over attverande oppteningstid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga. Estimatavvik utover "korridoren" resultatførast med 1/12-del.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fellesomhet Intern (gul)
- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av
Posten Norge

Note 18 Avsetting for langsiktige forpliktingar

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2022	2023		2023	2022
0	0	Avtalefesta permisjon*	522 093	512 797
386 652	461 554	Investeringstilskot**	891 198	828 318
96 216	96 216	Andre avsettingar for forpliktingar	111 617	119 317
482 868	**557 770**	**Sum krav**	**1 524 907**	**1 460 432**
* Avsetting inkluderer overlege- og spesialiststillingar			**2 698**	**2 610**
Det er føresett uttak med %			**56-65%**	**54-67%**

Overordna leger og spesialistar har avtalefesta rett til 4 månader studiepermisjon kvart 5. år. Under permisjonen mottar overlegane og spesialistane lønn. Lønna blir kostnadsført og avsett som langsiktig forpliktingar etter kvart som retten blir opparbeida.

*Det er gjort ei vurdering av lønn og oppteningstid for den enkelte legen. Avsettinga inkluderer sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift). Det er føresett uttak med 56-65 % av totalt opptente rettar.

** Investeringstilskottet blir ført til inntekt i takt med avskrivingane på den finansierte investeringa.

Avsetting for andre forpliktingar gjeld i all hovudsak langsiktige forpliktingar overteke frå fylkeskommunen i samband med helsereform.

Note 19 Anna langsiktig gjeld

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2022	2023		2023	2022
0	0	Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	0	0
13 070 150	16 321 588	Gjeld til Helse- og omsorgsdepartementet	16 321 588	13 070 150
13 070 150	**16 321 588**	**Sum anna langsiktig gjeld**	**16 321 588**	**13 070 150**
2 456 534	2 297 132	Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	2 297 132	2 456 534

Note 20 Anna kortsiktig gjeld

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2022	2023		2023	2022
142 804	74 645	Leverandørgjeld	1 742 184	1 597 256
2 259 199	2 950 578	Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	0	0
7 308	8 171	Feriepengar	1 990 488	1 864 048
3 559	2 163	Lønn	489 895	456 087
0	0	Forskott frå kundar	2	262
0	0	Ikkje opptent inntekt	855	1 299
459 860	555 750	Anna kortsiktig gjeld	1 614 590	1 541 042
2 872 731	**3 591 307**	**Sum kortsiktig gjeld**	**5 838 013**	**5 459 994**

Dokumentet er signert digitalt av:

- Følsomhet Intern (gul)
- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av
Posten Norge

Note 21 Bruksrettar for universitet og høgskular

Føretaket har i høve til vedtekter og tilhøyrande instruks inngått avtalar som gir universitet og høgskular rett til å nytta lokala til undervising og forsking. Føretaksgruppa kan ikkje selje, pantsetta eller på annan måte disponera over faste eigedomar kor universitet eller høgskule har rettar, utan skriftleg samtykke frå Kunnskapsdepartementet eller den departementet gir slik avgjerdsrett.

[illegible]	[illegible]	[illegible]
Helse Bergen HF	Universitetet i Bergen	14 751
Helse Bergen HF	Høgskulen i Bergen	619
Helse Stavanger HF	Universitetet i Bergen	461
Helse Fonna HF	Universitetet i Bergen	60
Helse Fonna HF	Høgskulen Stord/Haugesund	Ikkje spesifisert
Helse Førde HF	Universitetet i Bergen	126
Helse Førde HF	Høgskulen på Vestlandet	568

Note 22 Forsking

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2022	2023		2023	2022
131 187	139 535	Øyremerka tilskot frå eigar til forsking	139 535	131 187
0		Andre inntekter til forsking	207 242	191 868
77 351	81 477	Basisramme til forsking	596 274	571 901
208 538	**221 012**	**Sum inntekter til forsking**	**943 051**	**894 956**
0	0	Øyremerka tilskot frå eigar til utvikling	0	0
0	0	Andre inntekter til utvikling	584	3 124
0	0	Basisramme til utvikling	205 387	175 947
0	**0**	**Sum inntekter til utvikling**	**205 971**	**179 070**
208 538	**221 012**	**Sum inntekter til forsking og utvikling**	**1 149 021**	**1 074 026**
6 126	7 934	Kostnader til forsking - somatikk	753 628	723 216
1 782	3 373	Kostnader til forsking - psykisk helsevern	157 363	136 107
		Kostnader til forsking - TSB	26 844	30 910
200 630	209 706	Kostnader til forsking - anna	5 216	4 722
208 538	**221 012**	**Sum kostnader til forsking**	**943 051**	**894 956**
0	0	Kostnader til utvikling - somatikk	147 552	122 643
0	0	Kostnader til utvikling - psykisk helsevern	40 100	41 519
0	0	Kostnader til utvikling - TSB	8 282	6 401
0	0	Kostnader til utvikling - anna	10 037	8 508
0	**0**	**Sum kostnader til utvikling**	**205 971**	**179 070**
208 538	**221 012**	**Sum kostnader til forsking og utvikling**	**1 149 021**	**1 074 026**
0	0	Talet på avlagde doktorgrader	66	62
0	0	Talet på publiserte artiklar	1 394	1 330
0	0	Talet på årsverk til forsking	572	564
0	0	Talet på årsverk til utvikling	123	101

Dokumentet er signert digitalt av:

- Fokomhet Intern (sul)
- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av

Posten Norge

Note 23 Nærståande partar

Nærståande til Helse Vest RHF er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlege transaksjonar med nærståande partar kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapen.

Ytingar til leiande tilsette er omtala i note 6 og informasjonen er gitt i eigen leiarlønsrapport. Mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i note 24.

Helse Vest RHF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå eigar, det vil seie Helse og omsorgsdepartementet.

Transaksjonar med dei andre regionale helseføretaka er i hovudsak knytt til oppgjer for gjestepasientar. Det vil seie pasientar busett i Helse Vest regionen og som på grunn av mellombels opphald, fritt sjukehusval eller manglande kompetanse eller kapasitet i eigne føretak, får behandling i helseføretak utanfor Helse Vest regionen eller i private sjukehus andre helseregionar har avtale med. Helse Vest sitt kjøp frå andre regionar innan dette området utgjorde 721 millionar kroner i 2023 mot 723 millionar kroner i 2022. Tilsvarande sal utgjorde 344 millionar kroner i 2023 mot 338 millionar kroner i 2022. Det vesentlegaste av gjestepasientoppgjeret er basert på avtala måtar å rekna pris.

Andre transaksjonar med dei andre helseregionane er i hovudsak knytt til felles prosjekt, delvis initiert frå eigar.

Dei fire regionale helseføretaka eig og kontrollerer fem føretak i fellesskap. Dei fem føretaka skal understøtta spesialisthelsetenesta på forskjellig vis. Resultat i desse selskapa blir tekne inn i konsernrekneskapen for dei fire helseregionane etter eigenkapitalmetoden. Helse Vest RHF har betalt for tenester utførte i desse selskapa slik:

Luftambulansetjenesten HF	225 741
Pasientreiser HF	26 290
Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF	26 246
Sykehusbygg HF	10 445
Sykehusinnkjøp HF	23 735

Det vesentlegaste av inntekter i Helse Vest RHF er Helse Vest RHF si overføring av tilskott og aktivitetsbaserte inntekter i helseføretaka. Ordinært kjøp og sal mellom andre føretak i Helse Vest i 2023 utgjorde om lag 3 006 millionar kroner. Av dette utgjer Helse Vest IKT AS og Sjukehusapoteka Vest HF sitt sal til dei andre føretaka i regionen høvesvis 54 % og 43 %.

Medikament utgjer en stor del av Helse Vest sine kostnader. Innan forsking og utvikling er det samarbeid mellom legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Helse Vest RHF har gjennomført ei kartlegging og dokumentasjon av styremedlemar og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å kome i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlege kjøp. I Helse Vest RHF er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarleg for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

Note 24 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

HEILE 1000 KRONER

	Kortsiktige fordringer	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld til føretak i konsernet
Helse Vest RHF	2 938 660	0	2 011 112	18 853 271
Helse Stavanger HF	292 347	9 388 989	1 875 539	0
Helse Fonna HF	181 942	1 593 941	323 026	0
Helse Bergen HF	1 454 265	4 900 948	607 035	0
Helse Førde HF	453 897	966 775	57 943	0
Sjukehusapotekene Vest HF	11 492	0	300 310	0
Helse Vest IKT AS	38 408	2 002 618	197 253	0
Helse Bergen Eiendom AS	1 206	0	0	0
SUM	**5 372 217**	**18 853 271**	**5 372 217**	**18 853 271**

Krav og gjeld mellom Helse Vest RHF og dei andre føretaka i føretaksgruppa

Dokumentet er signert digitalt av:

- Falsombet Intern (gul)
- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Forseglet av

Posten Norge

HEILE 1000 KRONER

	Kortsiktig fordringer	Langsiktige fordringer	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld og hvorav pensjonsforpl.
Helse Stavanger HF	168 629	9 388 989	1 865 531	0
Helse Fonna HF	84 278	1 593 941	316 674	0
Helse Bergen HF	1 327 139	4 900 948	513 379	0
Helse Førde HF	410 510	966 775	55 591	0
Sjukehusapotekene Vest HF	1 670	0	166 760	0
Helse Vest IKT	30 806	2 002 618	32 644	0
SUM	**2 023 031**	**18 853 271**	**2 950 578**	**0**

Note 25 Betinga utfall

Helse Stavanger har rettslege tvistar tilknytt ferdigstilling av byggeprosjektet på Ullandhaug, NyeSUS. Desse forventast avklara i 2025 eller 2026.

Utover det har ingen av føretaka rapportert om tvistesaker som samla eller kvar for seg vil gje vesentleg verknad på føretaksgruppa si finansielle stilling ut over dei avsettingane som er gjort i rekneskapen per 31.12.2023.

Note 26 Beredskapslager legemiddel

Helse Vest RHF fekk i 2020 oppdraget med å etablere eit beredskapslager for legemiddel på nivå 2 for primær- og spesialisthelsetenesta. Oppdraget vart gitt av Helse- og omsorgsdepartementet og skulle utførast på vegne av dei regionale helseføretaka og i samarbeid med Helsedirektoratet og Direktoratet for medisinske produkter.

Helse Vest RHF har gjeve oppdraget med å inngå og forvalte avtaler knytt til oppbygging og forvaltning av nasjonalt beredskapslager legemiddel, til Sjukehusapoteka Vest HF.

Helse Vest RHF har hittil ikkje vore økonomisk belasta som følje av oppdraget, og har difor heller ikkje hatt nokon risiko knytt til avtalane som er inngått med legemiddelgrossistane. Helse Vest RHF har opptredd ovanfor legemiddelgrossistane som agent for Helsedirektoratet, og rekneskapsføringa av forskotsbetalingar, forvaltningskostnader, ukurans, etc. er handtert som utlegg, dvs. balanseført som fordring og deretter nettoført ved vidarefakturering til oppdragsgjevar.

Frå og med 01.01.2023 blei finansieringa av det nasjonale beredskapslageret for spesialisthelsetenesta overført til dei regionale helseføretaka og rekneskapsføringa i Helse Vest RHF er endra som følgje av dette.

Finansiering av beredskapslager hjå grossist, som per 01.01.2023 utgjorde kr 175,5 millionar kroner, er teken inn i rekneskapen til dei regionale helseføretaka som eit forskot og då med ei tilsvarande forplikting mot Helse- og omsorgsdepartementet. Både forskot og forplikting er fordelt mellom dei regionale helseføretaka etter inntektsmodellen. Likedan er endring i forskot og pådregne kostnader knytt til forvaltning og drift av beredskapslager legemiddel i 2023.

Finansiering av beredskapslager legemiddel for primærhelsetenesta er uendra og handterast framleis som eit utlegg i rekneskapen til Helse Vest RHF.

Dokumentet er signert digitalt av:

- AGNES LANDSTAD, 30.04.2024
- LINDA KARIN GANGSTØE, 30.04.2024
- ODDVAR MARTIN KAARBØE, 30.04.2024
- PÅL EIKESETH, 07.05.2024
- ANNE KARIN HAMRE, 29.04.2024
- GEIR ARNE SUNDE, 29.04.2024
- KRISTIN REITAN HUSEBØ, 02.05.2024
- TORD ANTON HAALAND, 30.04.2024
- WENCHE KRISTIN RØKENES, 29.04.2024
- HEGE ÅSE SOLBAKKEN, 29.04.2024

Fortrolighet: Intern (sul)

Forseglet av

Posten Norge

RESULTATREKNESKAP

HEILE 1000 KRONER

Helse Vest RHF				Føretaksgruppa	
2022	2023		Note	2023	2022
		DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
22 389 690	25 408 090	Basisramme	2,3	25 408 090	22 389 690
9 859 477	8 861 563	Aktivitetsbasert inntekt	2,3	9 789 114	10 743 533
1 157 398	771 197	Anna driftsinntekt	2,3	2 168 781	2 463 940
33 406 565	**35 040 850**	**Sum driftsinntekter**	**2,3**	**37 365 985**	**35 597 162**
32 376 736	33 978 768	Kjøp av helsetenester	4	4 710 865	4 655 808
117 361	34 813	Varekostnad	5	4 146 962	4 083 395
97 376	102 770	Lønn og andre personalkostnader	6,17	22 973 758	21 538 370
790	774	Ordinære avskrivingar	10	1 479 931	1 429 020
0	0	Nedskriving	10	25 700	0
471 900	568 482	Andre driftskostnader	7	3 819 928	3 541 594
33 064 163	**34 685 606**	**Sum driftskostnader**	**2**	**37 157 145**	**35 248 188**
342 402	**355 244**	**Resultat frå drifta**		**208 840**	**348 975**
		FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
323 429	717 502	Finansinntekter	8	202 637	136 396
-3 556	0	Nedskr./rev. nedskriving av finansielle anleggsmidlar	11	0	0
192 778	503 276	Andre finanskostnader	8	93 542	68 695
134 207	**214 226**	**Netto finansresultat**		**109 095**	**67 701**
476 609	**569 470**	**Resultat før skattekostnad**		**317 934**	**416 676**
0	0	Skattekostnad på ordinært resultat	9	577	467
476 609	**569 470**	**RESULTAT FOR ÅRET**		**317 357**	**416 209**
		OVERFØRINGAR:			
476 609	569 470	Overført til/frå annan eigenkapital	16	317 357	416 209
476 609	**569 470**	**Sum overføringar**		**317 357**	**416 209**

Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av

Posten Norge

BALANSE

HEILE 1000 KRONER

Helse Vest RHF				Føretaksgruppa	
2022	2023		Note	2023	2022
		EIGEDELAR			
		Anleggsmidlar			
		Immaterielle eigedelar			
0	0	Lisensar og programvare	10	1 393 381	1 447 562
0	0	Goodwill	10	0	5 380
0	0	Utsett skattefordel	9	2 337	2 647
0	**0**	**Sum immaterielle eigedelar**		**1 395 718**	**1 455 589**
		Varige driftsmiddel			
25 041	24 315	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	10	15 740 959	12 537 268
240	192	Medisinsk teknisk utstyr, inventar, transportmidlar o.l.	10	2 745 587	2 721 872
0	0	Anlegg under utføring	10	13 827 216	13 089 606
25 281	**24 508**	**Sum varige driftsmiddel**		**32 313 762**	**28 348 746**
		Finansielle anleggsmidlar			
12 068 159	14 068 159	Investering i dotterføretak	11	0	0
40 408	40 613	Investering i felles kontrollert verksemd og tilknytt verksemd	11	46 606	53 185
3 332	3 720	Investering i andre aksjar og partar	11	1 448 969	1 353 523
16 316 999	18 887 866	Andre finansielle anleggsmidlar	12	37 630	43 602
2 720	6 196	Pensjonsmidlar	17	4 094 607	2 649 831
28 431 618	**33 006 554**	**Sum finansielle anleggsmidlar**		**5 627 812**	**4 100 141**
28 456 899	**33 031 062**	**Sum anleggsmidlar**		**39 337 292**	**33 904 476**
		Omløpsmidlar			
107 819	86 948	Varer	13	317 393	344 630
1 240 648	2 514 717	Krav	14	1 383 017	1 327 105
3 966 472	2 750 396	Bankinnskot, kontantar og liknande	15	3 647 916	4 867 935
5 314 939	**5 352 061**	**Sum omløpsmidlar**		**5 348 326**	**6 539 670**
33 771 838	**38 383 124**	**SUM EIGEDELAR**		**44 685 618**	**40 444 145**

Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av

Posten Norge

BALANSE

HEILE 1000 KRONER

Helse Vest RHF				Føretaksgruppa	
2022	2023		Note	2023	2022
		EIGENKAPITAL OG GJELD			
		Eigenkapital			
		Annan innskoten eigenkapital			
100	100	Føretakskapital	16	100	100
11 415 729	11 415 729	Annan innskoten eigenkapital	16	10 629 564	10 629 564
11 415 829	**11 415 829**	**Sum innskoten eigenkapital**		**10 629 664**	**10 629 664**
		Opptent eigenkapital			
5 877 417	6 446 887	Annan eigenkapital	16	8 427 563	8 110 206
5 877 417	**6 446 887**	**Sum opptent eigenkapital**		**8 427 563**	**8 110 206**
17 293 245	**17 862 715**	**Sum eigenkapital**		**19 057 226**	**18 739 869**
		Gjeld			
		Avsettingar for forpliktingar			
20 062	17 003	Pensjonsforpliktingar	17	110 517	128 979
482 868	557 770	Andre avsettingar for forpliktingar	18	1 524 907	1 460 432
502 930	**574 773**	**Sum avsettingar for forpliktingar**		**1 635 424**	**1 589 410**
		Anna langsiktig gjeld			
0	0	Langsiktig gjeld til føretak i same gruppe	19	0	0
13 070 150	16 321 588	Gjeld til Helse- og omsorgsdepartementet	19	16 321 588	13 070 150
13 070 150	**16 321 588**	**Sum anna langsiktig gjeld**		**16 321 588**	**13 070 150**
		Kortsiktig gjeld			
2 105	2 184	Driftskreditt		2 184	2 105
0	0	Betalbar skatt	9	119	109
30 676	30 555	Skuldige offentlege avgifter		1 831 063	1 582 508
2 872 731	3 591 307	Anna kortsiktig gjeld	20,24	5 838 013	5 459 994
2 905 513	**3 624 047**	**Sum kortsiktig gjeld**		**7 671 379**	**7 044 716**
16 478 592	**20 520 408**	**Sum gjeld**		**25 628 392**	**21 704 276**
33 771 838	**38 383 124**	**SUM EIGENKAPITAL OG GJELD**		**44 685 618**	**40 444 145**

STAVANGER 24. APRIL 2024

Agnes Landstad Styreleiar	**Oddvar Kaarbøe** Nestleiar	**Anne Karin Hamre** Styremedlem
Tord Anton Haaland Styremedlem	**Pål Eikeseth** Styremedlem	**Kristin Reitan Husebø** Styremedlem
Hege Solbakken Styremedlem	**Wenche Kristin Røkenes** Styremedlem	**Linda Karin Gangstøe** Styremedlem
Geir Arne Sunde Styremedlem	**Inger Cathrine Bryne** Administrerande direktør	

Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av

Posten Norge

KONTANSTRAUMOPPSTILLING

HEILE 1000 KRONER

Helse Vest RHF			Føretaksgruppa	
2022	2023		2023	2022
		KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR		
476 609	569 470	Årsresultat	317 357	416 209
0	0	Endring utsatt skatt	310	82
0	0	Tap/vinst ved sal av anleggsmidlar	-51 576	2 418
790	774	Ordinære avskrivingar	1 479 931	1 429 020
-3 556	0	Nedskriving anleggsmidlar	32 485	3 814
511 079	-15 894	Endring i omløpsmidlar	-28 675	-31 963
-200 828	147 506	Endring i kortsiktig gjeld	626 584	137 377
-1 765	-6 535	Forskjell kostnadsført pensjon inn-/utbetalingar	-1 463 237	-563 613
-18 592	-15 235	Inntektsført investeringstilskot	-73 301	-76 723
763 736	**680 085**	**Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar**	**839 878**	**1 316 620**
		KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR		
0	0	Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	147 328	3 167
0	0	Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-5 506 839	-5 319 216
250 127	204 431	Innbetaling av avdrag på utlån	6 000	11 527
-3 704 242	-4 775 298	Utbetaling ved utlån	0	-10 000
-488	-593	Utbetalingar ved kjøp av finansielle anleggsmiddel	-95 679	-87 327
-3 454 603	**-4 571 460**	**Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar**	**-5 449 190**	**-5 401 849**
		KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR		
2 553 153	3 472 105	Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	3 472 105	2 553 153
-220 399	-220 666	Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-220 666	-220 399
-1 289 701	-666 355	Endring mellomverande konsernkontoordning	0	0
107 100	90 137	Innbetaling av investeringstilskot	136 180	203 872
0	0	Endring andre langsiktige forpliktingar	1 596	59 932
0	0	Endring føretakskapital med kontanteffekt	0	0
27	79	Endring driftskreditt	79	27
1 150 180	**2 675 300**	**Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar**	**3 389 294**	**2 596 585**
-1 540 686	-1 216 075	Netto endring i likviditet	-1 220 018	-1 488 644
5 507 158	3 966 472	Likvide midlar 01.01.	4 867 935	6 356 579
3 966 472	2 750 396	**Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12**	3 647 916	4 867 935
3 927	4 036	Her av skattetrekk og andre bundne midlar	770 210	726 890
2 806 895	4 610 816	Unytta trekkramme i Noregs Bank 31.12.	4 610 816	2 806 895
6 769 440	**7 357 176**	**Likviditetsreserve 31.12.**	**7 488 521**	**6 947 940**
2 809 000	**4 613 000**	**Innvilga kredittramme i Noregs Bank 31.12.**	**4 613 000**	**2 809 000**

Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av

Posten Norge

NOTAR

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen
Rekneskapen for 2023 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningsliner gjeve av eigar.

Helse Vest RHF blei stifta 17.08.01 etter lov om helseføretak. Staten ved Helse Vest RHF overtok 01.01.02 ansvaret for spesialisthelsetenesta i fylka Rogaland og Vestland. På same tid blei anleggsmidlar og forpliktingar som var knytte til spesialisthelsetenesta, overførte til Helse Vest RHF som eit tingsinnskot. Dei same formuesposisjonane blei vidareførte til helseføretaka i regionen.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidlane.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller berre tatt i bruk for ein kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

Eigars styringsmål
RHF-a skal målast på korrigert resultat. For åra 2002–2006 var rekneskapsresultatet i tillegg korrigert for meiravskrivingar som kom av at verdiar på anleggsmidlar på opningsbalansen var fastsett høgare enn det føretaka kunne rekne med å kunne finansiere av anleggsmidlar i framtida. Vidare var rekneskapsresultatet korrigert for avskrivingar som hadde si årsak i at den økonomiske levetida som var berekna for anleggsmiddel i opningsbalansen, var sett kortare enn det som var lagt til grunn i tildelinga til regionane. For inntektsåret 2008 var rekneskapsresultatet korrigert for auka kostnader til pensjon som følge av endra økonomiske føresetnader. I 2009 var ikkje resultatkravet korrigert og Helse Vest blei målt på rekneskapsresultatet.

Stortinget vedtok «Lov om endringer i lov om Statens Pensjonskasse, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser» og endringar i enkelte andre lover den 25. juni 2010. Planendringane som følgjer av dette vedtaket er med i rekneskapsresultatet for 2010 med den konsekvensen at dei samla pensjonskostnadene for helseregionane blei reduserte frå 9,25 mrd. kroner til om lag 0 kroner. Gjennom vedtak av Prop. 32 S (2010-2011) blei den tildelte ramma for helseregionane sett ned med 4,45 mrd. kroner. Driftskredittrammene blei auka med same beløp, mens resten av reduksjonen i kostnader skulle styrkja eigenkapitalen til føretaka svarande til 4,8 mrd. for helseregionane samla. Resultatet for 2010 blei justert med denne reduksjonen. Dette svarer til det akkumulerte underskotet som følge av meirkostnader til pensjon i åra 2006 til 2008 for landet sett under eitt.

Korrigering av resultatet tidlegare år tok utgangspunkt i faktisk kostnadsauke for helseregionane, mens korrigeringa for 2010 er fordelt etter ordinær fordelingsnøkkel. For Helse Vest RHF inneber dette ein akkumulert differanse på 26,9 mill. kroner mellom udekte pensjonskostnader i tidlegare år og korrigeringa for 2010.

For åra 2011 - 2013 var resultatkravet balanse i rekneskapen.

Resultatkravet for 2014 blei endra i føretaksmøte 17.12.14 på bakgrunn av nye berekningar av pensjonskostnad i offentleg tenestepensjonsordning for 2014, bygd på Rettleiing frå august 2014 om rekneskapsføring av justert levealder for personar fødd i 1954 eller seinare. Verknaden på pensjonskostnadane blei på 15 140 millionar kroner for alle helseregionane samla. Basisramma til dei regionale helseføretaka ble sett ned med til saman 5 040 millionar kroner, mens resten av kostnadsreduksjonen blei brukt til å styrka eigenkapitalen i føretaka med til saman 10 100 millionar kroner. Resultatkravet blei derfor endra til 10 100 millionar kroner.

Helse Vest sin del av dette utgjer 1 913,4 millionar kroner.

For år 2015-2023 har resultatkravet vore balanse i rekneskapen.

Prinsipp for konsolidering
Helse Vest RHF er morselskap i føretaksgruppa. I dette føretaket inngår eit lønns- og rekneskapskontor som fører rekneskap for Helse Vest RHF, Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS. Rekneskapen for føretaksgruppa inkluderer, i tillegg til Helse Vest RHF, dotterføretaka Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF, Helse Bergen HF, Helse Førde HF, Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS samt Helse Bergen Eiendom AS, som er eit dotterføretak til Helse Bergen HF. Rekneskapen for føretaksgruppa er utarbeidd som om føretaksgruppa var ei økonomisk eining. Interne transaksjonar, fordringar og gjeld er eliminerte.

Felles kontrollerte verksemder er tekne inn i rekneskapen til Helse Vest RHF etter eigenkapitalmetoden og tilknytte selskap er tekne inn i konsernrekneskapen etter eigenkapitalmetoden.

Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering
Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar regnskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

Prinsipp for inntektsføring
Inntekter frå Helse- og omsorgsdepartementet, overført til regionføretaket, er rekneskapsført brutto i Helse Vest RHF.

Grunnfinansiering
Grunnfinansieringa utgjer basisramme drift. Grunnfinansieringa tildeles føretaka frå Helse Vest RHF som fast bevilling til drift og investering i føretaket. Grunnfinansieringa inntektsførast i det rekneskapsåret midlane tildeles. Inntektsføring av basisramme gjennom året skjer i samsvar med aktivitet.

Ved overtaking av nye oppgåver der departementet har halde attende midlar for delar av året, er tilsvarande beløp avsett som inntekt i rekneskapen og som fordring på Helse- og omsorgsdepartementet.

Aktivitetsbaserte inntekter
Aktivitetsbaserte inntekter består av ISF-refusjon (ISF = innsatsstyrt finansiering), polikliniske inntekter (refusjon frå Helfo og eigenandelar), gjestepasientinntekter, inntekter frå sjølvbetalande pasientar og sal av laboratorie- og røntgentenester. Inntektsføringa skjer i den perioden aktiviteten er utført.

Inntekter vedkommande pasientar busett i andre regionar som er behandla i helseføretaket er ført i rekneskapen som gjestepasientinntekter. Inntekter vedkommande eigne pasientar behandla i andre regionar er ført som ISF-refusjon.

Andre inntekter
Øyremerka tilskot blir inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar blir inntektsførte i same periode som avskrivingane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukt i samsvar med dei vilkåra eller ynskje givar har for bruk av midlane. Dersom givar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, klassifiserast ho som tilskot og rekneskapsførast etter reglane for øyremerka tilskot.

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Kostnadsføringstidspunkt samanstilling
Utgifter blir samanstilt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

Klassifisering og vurdering av balansepostar
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid skal avskrivast etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

Immaterielle eigedelar
Utgifter til utvikling balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av identifiserbare immaterielle eigedelar. I motsett fall blir slike utgifter kostnadsførte løypande. Balanseført utvikling blir avskriven lineært over den økonomiske levetida.

Utgifter til forsking og innovasjon blir kostnadsførte løypande. Andre immaterielle eigedelar som er forventa å gi framtidige inntekter blir balanseførte og avskrivne over økonomisk levetid.

Utgifter til andre immaterielle eigedelar er balanseførte i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle eigedelar som er balanseførte avskrivast lineært over forventa økonomisk levetid frå det tidspunktet eigedelen blir teken i bruk.

Goodwill
I samband med Helse Bergen HF si overtaking av Bergensklinikkene AS vart kostpris tilordna identifiserbare eigedelar og gjeld i Helse Bergen HF sitt rekneskap. Residualen vart balanseført som goodwill. Per 31.12.2023 er balanserført goodwill ferdig avskriven.

Tilsvarande tilordning er gjort ved konsolidering av Helse Bergen Eiendom AS.

Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

Varige driftsmidlar
Varige driftsmidlar omfattar eigedom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførast til kost fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivingar.

Driftsmidlar reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Varige driftsmidlar avskrivast hovudsakleg lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane blir teke i bruk. Det vert teke omsyn til utrangeringsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det finnest indikasjonar på at driftsmidlar har falle i verdi, blir driftsmidlane nedskrivne til den verdien som kan attvinnast dersom denne er lågare enn rekneskapsført verdi.

Tomter avskrivast ikkje då ein antar at dei ikkje har ei avgrensa levetid.

Investeringar i nybygg vert balanseførte etter kvart som kostnadene vert pådregne. Ved dekomponering av balanseførte kostnader til nybygg vert reelle kostnader for dei ulike bygningsdelane lagt til grunn. Finansieringsutgifter ved tilverking av eigne driftsmidlar balanseførast.

Påkostnader eller betringar blir lagde til driftsmidlets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidlar blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Dotterføretak
Som dotterføretak reknast anna føretak der helseføretaket normalt har en eigardel på over 50 %, kor investeringa er av langvarig og strategisk karakter og kor helseføretaket har bestemmande innflytelse. Dotterføretak vurderast etter kostmetoden i føretakets rekneskap. Investeringa er vurdert til anskaffingskost med mindre nedskriving har vore nødvendig. Det blir gjort nedskriving til verkeleg verdi når det oppstår verdifall som skyldast årsaker som ikkje kan antakast å være forbigåande og det er nødvendig etter god regnskapsskikk. Nedskrivingar reverserast når grunnlaget for nedskriving ikkje lenger er til stades.

Felleskontrollert verksemd
Som felleskontrollert verksemd reknast føretak kor deltakarane saman har felles kontroll. Ingen deltakar aleine har bestemmande innflytelse, men saman har ein bestemmande innflytelse. Samarbeidet må være regulert i ei samarbeidsavtale som heimlar felles kontroll, og deltaking må ikkje være mellombels.

Helse Vest har ein eigardel på 20% i tre føretak og 25% i to føretak som dei eig saman med dei andre tre regionale helseføretaka. Ein må sjå desse eigardelane som felles kontrollert verksemd og dei er tekne inn i rekneskapen etter eigenkapitalmetoden.

Tilknytt verksemd
Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF har kvar for seg eigedelar mellom 20 og 50 prosent i andre selskap. Eigardelane må sjåast på som tilknytt verksemd, og dei er tekne inn i konsernrekneskapen etter eigenkapitalmetoden.

Med tilknytt føretak meiner ein føretak kor investor har betydeleg påverknad utan at det føreligg konsernforhold eller felles kontrollert verksemd. Med betydeleg påverknad meiner ein normalt verksemder der føretaket eig mellom 20 og 50 prosent.

Slike føretak blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Dette inneber at verksemda er vurdert til innkjøpskost for aksjane med mindre det har vore nødvendig med nedskriving. Det er gjort nedskriving til verkeleg verdi når verdifall har årsaker som ikkje blir vurderte som forbigåande, og det må sjåast naudsynt etter god rekneskapsskikk. Nedskrivingar er førte attende når grunnlaget for nedskriving ikkje lenger er til stades.

Utbytte og andre utdelingar er inntektsførte same år som dei er avsette i det tilknytte føretaket. Dersom utbyttet overstig det tilbakehaldne resultatet etter kjøpet, representerer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane er trekte frå verdien på investeringa i balansen.

Eigenkapitaltilskot i KLP
Eigenkapitaltilskot i KLP er separate finansielle eigedelar og blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.

Pensjonar
Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting balanseførast som avsetning for forpliktingar, mens overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktige fordringar i balansen. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av

Posten Norge

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar bli fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar) er fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i lønn og sosiale kostnader, og utgjer summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventa avkastning av pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventa avkastning, samt periodisert arbeidsgivaravgift.

Usikkerheita er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforplikting som framkjem i balansen. Estimatendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimatendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønnskostnaden.

Varelager
Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskriving for påreknеleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapsskikk.

Krav
Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetting for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetting for. Den sjablongmessige avsettinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

Uvisse forpliktingar
Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment
Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstraumoppstilling
Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Konsernkontoordning
Det er etablert konsernkontoordning i DNB Bank ASA. Innskot og gjeld er i rekneskapane til dotterføretaka og Helse Vest RHF klassifisert som kortsiktig fordring/gjeld. I rekneskapen for føretaksgruppa er nettoen klassifisert som bankinnskot. Helse Vest IKT AS og Helse Bergen Eigedom AS er ikkje med i konsernkontoordninga.

Valuta
Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil
Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Solidaransvar for skyldig meirverdiavgift ved fellesregistrering
Helse Vest RHF er fellesregistrera som eit avgiftssubjekt med dotterføretaka Helse Bergen HF, Helse Førde HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Helse Vest IKT AS . Som følge av dette har alle føretaka som inngår i fellesregistreringa solidaransvar for skyldig meirverdiavgift.

Skatt
Helseføretaka er ikkje skattepliktige. Helse Vest IKT AS har fått skattefritak. Sjukehusapoteka Vest HF er skattepliktige for overskot vedkommande publikumsekspedisjonen frå og med 2015.Helse Bergen er skattepliktig for bandasjistverksemda og Helse Bergen Eiendom AS driv også skattepliktig verksemd.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast og utsett skatt i perioden. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessige underskot til framføring ved utgongen av rekneskapsåret. Mellombelse forskjellar som aukar eller reduserer skatt i same periode, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring er grunna i forventa inntening i framtida.

Utsett skatt er både i føretaket sin rekneskap og føretaksgruppa sin rekneskap ført med nominelt beløp.outlook

Følsomhet Intern (gul)

Dokumentet er signert digitalt av:

- INGER CATHRINE BRYNE, 06.05.2024

Forseglet av
Posten Norge

NOTE 2 Rapportering frå verksemda

Driftsinntekter per område

HEILE 1000 KRONER

HELSE VEST RHF			FØRETAKSGRUPPA	
2022	2023		2023	2022
